

Kulturdepartementet

Bergen, 25. oktober 2022

Søknad om småbåthamn på Baløy Austrheim kommune Anleggsnummer 78883

Bergen og Hordaland Turlag ynskjer å skape ein aktivitetsarena på Rongevær som base for mykje organisert aktivitet innan kystfriluftsliv, og ein stad der ein kan finne nye vener og ha det kjekt saman. Me er særleg opptekne av å fremje kystfriluftslivet for born og unge, og treng ein stad å leggje våre organiserte aktivitetar for born, Base Camp hav for ungdom og ikkje minst friluftslivsskular i feriane. Skuleklassar i området vil også vere flittige brukarar, og utandørs området vil vere open for alle heile året rundt. Større grupper og skuleklasser vil vere prioritert i høve overnattingstilbodet.




Bilete 1: Rongevær med skulehuset, utedoen, nauset, den nye flytebryggja og uteområdet. Ei lun og trygg hamn for vannaktivitetar.

Aktivitetssenter Rongevær

Skulehuset og naustet ligg på ei veglaus øy nokre hundre meter frå land, og for å etablere eit aktivitetssenter må me utvikle anlegg både på øya, Nordra Kjerringa, og på landsida. Me har delt opp prosjektet i fem ulike delar då omfang og tidsplan for dei ulike delane varierer.

Før me i det heile kan opne for gjestar på aktivitetssenteret, må me få på plass båtar så gjestane kjem seg over sundet dei om lag 300 metrane frå småbåthamna (4) til Rongevær (3). Første del av prosjektet vert difor kaianlegg og utstyrlager på Baløy og oppgradering av kaianlegget på Rongevær. I tillegg må me kjøpe inn robåtar.

Dei ulike anleggsnummera som omfattar prosjektet på Rongevær er vist nedanfor.



Bilete 2: Plassering av dei ulike anlegga

Me har søkt spelemidlar via «Løypetiltak i fjellet og overnattingshytter» for:

1. Anleggsnr. 78542 Skulehuset
2. Anleggsnr. 78881 Naust Rongevær

Me søker Austrheim kommune om spelemidlar via «Anlegg for idrett og fysisk aktivitet» for:

3. Anleggsnr. 78882 Uteområde Rongevær
4. Anleggsnr. 78883 Småbåthamn Baløy

Området

Rongevær er eit øysamfunn som ligg lengst nordvest i Austrheim kommune i Vestland fylke. Øysamfunnet ligg like aust for hovudskipsleia i Fedjefjorden og rett sør for innseglinga til forsyningsbasen og oljeraffineriet på Mongstad. Rongevær er namnet på ein av matrikkelgardane i den tidlegare skulekrinsen, og det vesle bygdesenteret med butikk, post, båtanløp og skule låg dels på øyer som høyrde til garden Rongevær. De andre gardane er Krossøy, Langøy og Sævrøy. Øysamfunnet vert ofte kalla Øyane lokalt i Austrheim.

Rongevær eller Øyane var lenge eigen skulekrins, og skulehuset låg på en eiga øy. Alle elevar måtte transporterast i båt. Skulen vart nedlagt ca. 1990, etter at dei fleste gardane i krinsen hadde fått veg til kommunesenteret. Rongevær gamle skole har vore eigd av Austrheim kommune og driven som kurs- og fritidssenter for lokalbefolkninga og tilreisande



Bilete 3: Rongevær ligg nordvest i Austrheim kommune, om lag 90 minutt køyring frå Bergen

Skulen ligg på øya Nordra Kjerringa, 300 meter å ro frå kaien på Baløyna. Frå Bergen sentrum til kaien er det om lag 7 mil og knapt halvannan time å køyre med bil. På Baløyna kjem me til å leggje ut småbåtar som gjestane kan nytte for å ta seg over sundet dersom dei ikkje kjem med eigen kano eller kajakk. Denne strekinga ligg godt i le for sørvesten så det er trygt farvatn nesten uansett ver.

Det er mange gode fiskeplassar i området og uansett vindretning kan du finne ei lun badevik. Bergen og Omland friluftsråd har fleire tilrettelagde friluftsområde i nærleiken: Sauøyna (2 km), Øksnes (3,5 km) og Børilden (6 km).

Bergen og Hordaland Turlag satsar på kystfriluftslivet der folk bur!

Friluftslivet er i vinden som aldri før. Folk brukar nærnaturen og utforskar nye turområde. På sett og vis har pandemien ført til at det er auka kunnskap om gleder og mogelegheiter i friluftslivet. Friluftslivet famnar alle; barn og unge, familiar, eldre, dei i god form og dårleg form, ulike sosiale lag og funksjonsevner. Veldig mange bur langs med kysten og har dette som sitt nærrområde. Bergen og Hordaland Turlag har i samarbeid med DNT utvikla ein spennande handlingsplan for kysten som vart vedteken på landsmøtet vårt i 2020.

Som del av satsinga ynskjer me å etablere friluftslivsarenaer som legg til rette for meir organisert aktivitet og som vil vere sosiale møteplassar, både for lokalbefolkning og for tilreisande. Det er ønskeleg å kombinere aktivitetsarenaene med god overnattingskapasitet både i høve friluftslivsskular og leirar for barn og unge, samt skuleklassar. Arenaen vil også vere ein viktig for å halde kurs, til dømes i padling. På Rongevær vil me:

- Kunne ha ei stor breidde av organiserte aktivitetar knytt til kyst og vatn
- Legge til rette for sosiale møteplasser
- Kunne ha utstyr for kurs, utleige og utlån
- Ha anlegg-, overnattings- og aktivitetskompetansen som skal til
- Ha både eit nærmiljøanlegg og ein utfartsstad
- Sikre allmenn ferdsel til strandsona

Barn og unge som primær målgruppe

For Turlaget er det særleg viktig å tilby eit heilskapleg og breitt tilbod for barn og unge spesielt. Vi ønskjer at fleire skal få ta del i våre aktivitetar og ønskjer å etablere fleire arenaer og *sosiale møteplassar* for denne målgruppa.

Både Barnas Turlag og DNT Ung-gruppene er drive av frivillige og det er eit utdanningsløp for å bli kvalifisert som turleiarar over fleire helger. Dei frivillige gruppene får støtte av administrasjonen til kursing, marknadsføring mm.



Bilete 4: Barn og unge som prioritert målgruppe

Inkludering av alle – DNT Tilrettelagt

I samarbeid med DNT har Turlaget utarbeide ein Handlingsplan for inkludering og mangfald, sjå vedlegg. STIEN er våre verdiar, og det står for Spannande, Truverdig, Inkluderande, Enkelt og Naturvenleg. Vi ønskjer å tilby aktivitetar og arenaer med møteplassar der alle kan vere med. I kysten er det ofte gode tilhøve med vegar, og det står gjerne att berre nokre mindre tiltak for å kome «heilt fram» til sjøkanten.

Utvikling av aktivitetar og arenaer for sosiale møter i kysten

Kystfriluftslivet er populært og særleg er det mange som har tatt til årene både med kajakk og robåtar. Vi ser at særleg DNT Ung har mange slike aktivitetar på sine program. Vi har også arrangert mange padlekurs for Barnas Turlag det siste året med 9-12 år med fokus på lek. Det er også mange som deltar på tilbodet for yngre med «Vanngøy».

Organisasjonsutvikling i kysten - grunnlaget for frivillig innsats

Bergen og Hordaland Turlag ønskjer å styrke aktivitetstilbodet og arenaer for kystfriluftslivet. Dette har vore ein strategi over fleire år. Vi har hatt ei vellukka organisasjonsutvikling der det har kome mange nye lokallag og turgrupper dei siste ti åra. Mange av desse ligg naturleg nok langsmed kysten. Mange av våre lokallag har eit aktivitetstilbod innan kystfriluftsliv, og dei ønskjer å få med enda fleire på sine aktivitetar. Mange har også eit tilbod etablert også med DNT Tilrettelagt. Det meste av nærmiljøaktivitetane er gratis og opne for alle.

Bergen og Hordaland Turlag sin første aktivitetsarena i kysten

Det er eit sterkt ynskje frå Austrheim kommune og lokalbefolkninga om at Rongevær kurs- og feriesenter og området rundt vert ope for ålmenta. Dette samsvarar godt med turistforeninga sine verdiar. Prosjektet er i tråd med DNT sin strategi om å satse på kyst og nærmiljø. Arenaen med det gamle skulebygget, naustet og det store bryggjeanlegget vil inngå i ei større satsing, og vere knytt opp til Vestkystparken i samarbeid med fylkeskommunen og friluftsråda sine anlegg, stiar og padleruter.

Den gamle skulen i Rongevær vart lagt ned på 1990-talet, og har sidan då vore i Austrheim kommune si eige. Kommunen har leigd ut skulehuset som kurs- og feriesenter til innbyggjarane i kommunen og andre lag og foreiningar. No har Bergen og Hordaland Turlag skrivt avtale på 40 år med kommunen om leige av anlegget. Det er i dag overnattingskapasitet til 44 personar i skulehuset og naustet med nøktern standard. Anlegget har to kaiar, svaberg og ei fjøre eigna til bading.



Bilete 5: Opningsfest på Rongevær 26. juni 2022

For å gjere anlegget tilgjengeleg for alle, vil BHT leggje til rette med robåtar på landsida slik at gjestane kan kome seg til øya på eiga hand. Det trengs difor kaianlegg både på land og på øya. Arenaen vil først og fremt rette seg mot organisert aktivitet og større grupper. Staden vil vere eit sosial knutepunkt med tanke på kystfriluftslivet og vere godt eigna for padlekurs.

I tillegg vil BHT gjere mindre oppgradering innvending og tilpasse bygga til turlagsdrift der også mindre grupper og enkeltpersonar kan leige eit rom eller ei seng for ei natt. Anlegget vil vere ubetent der folk tar med mat og drikke sjølve. Vi vil ha med turleiarar og instruktørar ved organiserte aktivitetar. Det er også aktuelt med hyttevertar elles som er frivillige som arbeider for kost og losji.


Prosjekt Småbåthamn på Baløy og kaianlegg på Rongevær

Aktivitetssenteret på Rongevær ligg på ei øy utan vegforbindelse, og for at gjestane skal kunne kome seg til og frå anlegget er dei avhengige av båttransport. Nokre gjestar kjem truleg med eigen båt eller kajakk, men for at anlegget skal vere opne for alle, vil me leggje til rette med robåtar som gjestane kan bruke.


Det er om lag 300m over sundet i smult farvatn, og me ser for oss enkle robåtar. For at båtane skal vere lett tilgjengeleg for gjestane, vil me etablere ei flytebryggje («småbåthamn») like ved fylkesvegen på Baløy. Der skal vere plass til 10 robåtar og ein litt større elektrisk motorbåt som er tenkt brukt ved leirar og fellesturar. Denne vil ha bidra med transport av personell og utstyr, og det vil auke tryggleiken ved at den kjem raskare fram dersom det uhell eller problem med båtar eller farkostar, eller dersom det vert bruk for hurtig transport til/frå land. Motorbåten er også tenkt brukt ved dugnader, tilsyn og anna nødvendig arbeid på anlegget.

Ved aktivitetssenteret på Rongevær trengs det også ny brygge for å leggje til med og fortøye robåtane. Flytebryggja skal også utstyrt med kajakk plattform, slik at det vert enkelt for ferske og rutinerte padlarar og kome seg til å frå kajakken. Bryggjene vert også utstyrt med pullertar for fortøying og handtak for å lette tilkomst til båtar og kajakkar.

Me vil kjøpe inn ein elektrisk motorbåt til vedlikehald, transport og tilsyn, og denne båten vil også fungere som eit tryggingstiltak når det er større grupper eller leirar på Rongevær. For å lade båten vert det lagt straum ut på bryggja på Rongevær. Dette arbeidet er ikkje med i tilbodet frå leverandør av flytebryggjer.



Bilete 6: Skisse ny flytebryggje Baløy



Bilete 7: Skisse ny flytebrygge på Rongevær

Prosjektplan

Flytebryggjer kom på plass rett før opninga av Rongevær kysthytte i juni 2023. Berre noko mindre arbeid med skilting og utstyr for fortøying av båtar utstyr står att, og dette kjem på plass i god tid før vårsesongen 2023.



Bilete 8: Kaien på Baløy med Rongevær midt i bilete.

Dugnadsarbeid

Hovudtyngda av prosjektet blir utført av innleigd entreprenør. Det er likevel ein del arbeid som er utført på dugnad, mellom anna klargjering av båtar og organisering av nødvendig utstyr som tauverk, årer og redningsvestar. Verdien av dugnadsarbeidet ved etablering av bryggjer er så pass lav at me har valt å ikkje ta det med i budsjettet for bryggjene, men det ferdige anlegget vil generere mange dugnadstimar i årevis framover. Nordhordland Turlag vil ta på seg arbeidet med tilsyn og mindre vedlikehaldsoppgåver på anlegget og dette er venta å generere om lag 1000 dugnadstimar årleg. I tillegg kjem dugnad i samband med turar, leirar og kurs, som er reknar til rundt 2000 timar årleg.

Bruksrett


Bergen og Hordaland Turlag har inngått ein 40 års avtale med Austrheim kommune om leige og drift av anlegget. Avtalen omhandlar også rettar til å etablere naust og bryggjeanlegg på fastlandet.

Signert avtale vedlagt.

Budsjett

Samla budsjett for prosjektet er kr. 1 546 250,- (inkl. mva) og Bergen og Hordaland Turlag søker Kulturdepartementet om spelemidlar for 50% av denne summen, totalt kr. 773 000,-. Me har per i dag ikkje fått anna finansiering av bryggjeanlegget, og har brukt eigenkapital for dekke utgiftene. Dette har ført til svært stram økonomi i BHT og at andre prosjekt er sett på vent på grunn av likviditets- og finansieringsutfordringar.

Sjå budsjett og finansieringsplan nedanfor.



Me håpar denne søknaden ver vurdert positivt, og at Kulturdepartementet vil støtte dette prosjektet med kr 773 000,-. Per i dag er ikkje anna finansiering stadfesta.

Er det spørsmål eller de ynskjer nærare presentasjon av prosjektet, ta gjerne kontakt.

Med venleg helsing
Bergen og Hordaland Turlag

Sign.
Helene Ødven
Dagleg leiar

Sign.
Johnny Bjørge
Hytte- og rutesjef

Vedlegg:

- Budsjett bryggjer
- Signert leigeavtale